TETTSTADUTVIKLING
DALE

FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

1. Føremål

Fjaler kommune oppretta tettstadutviklingsprosjekt for Dale for å

- få eit godt grunnlag for utarbeiding av kommunedelplan for Dale.
- gjennomføre nokre av måla og tiltaka for sentrum som er vedtatt i kommuneplanens samfunnsdel.
- tilrettelegge for ein heilskapleg og aktiv tettstad med busetnad, næringsaktivitet, kultur- og fritidstilbod basert på stadens særpreg og eigenkarakter.

2. Prosjektomtale

Prosjektet var delt i fire delar, men det vart kun søkt om tettstadmidlar for dei tre fyrste delane. Del 4 er ei vidareføring av dei føregåande delane og iverksetting av tiltak som kjem fram i visualiseringa i del 3.

Del 1 – stadanlyse
Utarbeiding av ei stadanalyse som fokuserer på dei historiske og landskapsmessige føresetnadene for utvikling i Dale. Målsettinga med del 1 var å avklåre stadens felles verdiar, særpreg og karakteristikk.

Del 2 – kartlegging og dokumetasjon
Forprosjektet handlar om kartlegging og dokumentasjon og skal i stor grad utgjere grunnlag for utarbeiding av kommunedelplanen i Dale. Målsettinga med del 2 er avklåre kvar ein kan bygge, kvar ein kan bu og kvar ein kan møtast.

Del 3 – visualisering
Forprosjektet handlar om å finne gode demokratiske løysingar for sentrumsutviklinga i Dale og visualisere desse for å skape engasjement og gjennomføringsvilje til tiltak i Del 4. Målsettinga med del 3 er å synleggjere og visualisere felles verdiar, møteplassar, sentrumskvalitetar og moglege tiltak.

Del 3 skal i stor grad utgjere grunnlag for hovudprosjektet, Del 4, som handlar om tiltak.

Del 4 - tiltak
Del 4 skal vere ei vidareføring av dei føregåande delane og handlar om å setje i verk tiltak som kjem fram i arbeidet med del 3. Arbeidet med del 4 er ikkje iverksatt, men visualiseringa i del 3 vert tatt med inn i pågåande arbeid med områderegulering for Dale. Fjaler kommune vil søke medfinansiering frå fylkeskommunen i form av tettstadmidlar eller liknande ordningar for gjennomføring av del 4 i 2019.

3. Konkrete resultat

I samband med tildeling av tettstadmidlar og arbeidet med kommunedelplanen for Dale har det vore bestilt og utarbeidd ny dokumentasjon over tilhøva i Dale som har lagt til grunn for val og prioriteringar i planen.

Økologisk landskapsanalyse. På oppdrag frå kommunen har økolog Christian Mong utarbeidd ei økologisk landskapsanalyse over Dale. Ferdigstilt 08.09.14

Trafikkanalyse. På oppdrag frå kommunen har SWECO utarbeidd ei kvalitativ trafikkanalyse over Dale sentrum. Ferdigstilt 01.02.15

Stadanalyse. I samband med oppstart av eit stadutviklingsprosjekt for Dale vert det internt utarbeidd ei stadanalyse over Dale som blir ferdigstilt våren 2015

Innspel til kommunedelplanen for Dale frå Sivilarkitekt Mona Steinsland ved Sogn og Fjordane Fylkeskommune Ferdigstilt 23.02.15

Det har også vore gjennomført fleire synfaringar og arbeidsmøter i samarbeid med ekstern ekspertise som har bidratt til å klårgjere tilhøve og verdiar i Dale. Nokre synfaringar har vore opne for publikum og nokre har vore tverrfagleg representert.

11.11.13 Synfaring i Dale sentrum, Dingemoen og det store landskapet rundt, (Einehaugane/Dalsåsen og Bjergeneset) med: Siren Juliussen og Connie Hovland, Fjaler kommune, Mona Steinsland, sivilarkitekt Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

18.06.14 Open landskapsvandring og synfaring med Økolog Christian Mong, Sivilarkitekt Mona Steinsland, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, fleire politikarar frå arbeidsgruppa og interesserte innbyggjarar samt, Connie Hovland, Siren Juliussen, Ingeborg Opdøl Tysnes, Edvin Bøthun, Fjaler Kommune, og Margrete Reisæter, Frivilligsentralen.

03.11.14 Synfaring av trafikkbildet i Dale sentrum med Jørgen Sandø, Sweco, Siren Juliussen, Connie Hovland og Ingeborg Opdøl Tysnes, Fjaler kommune.

19.11.14 Synfaring av Dale sentrum og arbeidsmøte med fokus på allmenningar og blå-grøne strukturar, med Christian Mong, økolog, Mona Steinsland, sivilarkitekt Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Jørgen Sandø, Sweco, Siren Juliussen og Connie Hovland, Fjaler kommune.

04.02.15 Synfaring av kulturmiljø i Dale med Arlen Bidne og Knut Ivar Åland, kulturavdelinga Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Siren Juliussen, Connie Hovland og Ingeborg Opdøl Tysnes, Fjaler kommune.

Februar og mars 2015 Synfaring av elver og bekker i Dale. Siren Juliussen og Connie Hovland, Fjaler kommune.

Kommunedelplan for Dale vart vedteken 07.09.2015 og den ivaretek mykje av det som er komme fram gjennom tettstadprosjektet for Dale. Det er i kommunedelplanen for Dale lagt inn krav om områderegulering for Dale sentrum med følgjande føringar:
Ved utarbeiding av områderegulering i sentrum skal det takast omsyn til følgjande:
- Ivareta tilkomst, gløtt og allmenningar til fjorden
- Tilrettelegge for gåande og syklande i sentrum
- Etablere allmenning frå fjord til fjell (frå fergekaia via Melkeveien)
- Tilrettelegge for bilfri sone/torg mellom parken og Allmuen. (Denne skal vere del av gatestrukturen langs hovudvegen aust-vest/aksen frå Yksnebjør til kyrkja.)

Kommunedelplan for Dale kan lesast på kommunen sine heimesider:
https://www.fjaler.kommune.no/innbyggjar/bygge-og-bu/plan/kommuneplan/kommunedelplan-dale/

Melkeveien som er nord-sør-gata frå Firda billag til fergekaia, med senteret og politihuset på austsida og gamle Coop bygget (no Fjaler kultursamvirke) og kommunehuset på vestsida er ei

av dei mest «urbane» gatene i Dale og definerer i stor grad kjernen av sentrum. Gata er i dag prega av mykje bilar og parkeringsplassar og utflytande gaterom ned mot fergekaia. Melkeveien har potensiale til å bli ei torggate, tilrettelagt for mjuke trafikantar, der folk kan handle og møtast. Dette medfører å stenge heile eller delar av melkeveien, og stramme opp gaterommet på eit vis.

Salt Arkitekter AS har på oppdrag frå Fjaler kommune utarbeidd skisser for utforming av Melkeveien som torg og felles møteplass. Endring av Melkeveien til ei bilfri sone og felles møteplass er eit ledd i etableringa av allmenning frå fjord til fjell og forsterking av dei blågrøne strukturane i Dale. Arbeidet med Melkeveien er sett i samanheng med planlegging og ombygging av Dale senter samt planlegging av ny bruk i Fjaler kultursamvirke (tidlegare Coop bygget). Skissene for Melkeveien blir tatt med vidare i det pågåande arbeidet med områdereguleringa for Dale.

4. Refleksjon og erfaring

Tettstadprosjektet har gjeve Fjaler kommune eit godt kunnskapsgrunnlag for planarbeid og utvikling av Dale som tettstad.

Kunnskapsgrunnlaget og visualiseringa vil bli tatt med vidare i arbeidet med områderegulering av Dale. Der vil ein og sjå på vidare samanheng mellom Melkeveien og utvikling av området ved den gmale ferjekaia , tilkomst til sjø og etablering av ein allmenning frå fjord til fjell. Vidare vil ein sjå på ny bruk i Fjaler kultursamvirke og samanheng med parken og Dalstunet sørvest for Melkeveien. Spesielt gjeld det etablering av gode og trygge gangsoner mellom dei ulike områda.

Etablering av Melkeveien som torg vil gje Dale sentrum ein ny attraktiv møteplass og saman med ombygging av Dale senter og ny bruk i Fjaler kultursamvirke vil det gje sentrum eit stort løft.

5. Visuell framstilling av tiltak

Figur 1: Fugleperspektiv Melkeveien frå nordvest, Salt Arkitekter AS

Figur 2: Melkeveien frå nordvest, Salt Arkitekter AS

Figur 3: Fugleperspektiv Melkeveien frå søraust, Salt Arkitekter AS

Figur 4: Melkeveien frå søraust, Salt Arkitekter AS



Figur 5: Melkeveien materialbruk, Salt Arkitekter AS

6. Kostnads- og finansieringsplan

Prosjektet vart noko rimelegare enn opprinneleg budsjett. Nedanfor viser kostnadsplan med opprinneleg budsjett og rekneskap etter gjennomføring.

Kostnadsplan

Tittel	Budsjett	Rekneskap
Fagrapport, landskapsanalyse	75 000	26 800
Fagrapport, trafikkanalyse	100 000	81 900
Gjennomføring av Medverkandsprosess	50 000	3 815
Konsulenttenester	25 000	0
Lønnsutgifter	250 000	265 324
Visualisering/skisser til utforming	100 000	103 550
Sum kostnad	**600 000**	**481 389**

Finansieringsplan

Oppdatert finansieringsplan

Tittel	Budsjett	Rekneskap
Total kostnad	**600 000**	**481 389**
Kommunal eigenandel	360 000	288 833
Tettstadutforming (40 % tilskot)	240 000	192 556

Revisorstadfesta rekneskap:

Fjaler kommune

Prosjektrekneskap 8992 - Tettstadmidlar 2014

Konto	Konto(T)	Rekneskap
10100	Fast løn	205 647,00
10903	Pensjonsinnskot KLP	34 248,00
10990	Arbeidsgjevaravgift	25 429,00
11150	Matvarer	1 340,00
11500	Opplæring, kurs/seminar	2 475,00
12701	Konsulenttenester	212 250,00
14290	Meirverdiavgift som gjev rett til momskomp	53 261,00
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-53 261,00
17301	Refusjon frå fylkeskommunar	-60 000,00
8992	Tettstadmidlar	421 389,00

Annikken Myklebust
-økonomiansvarleg-

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord
19.10.2018

Aud Marit Nyland Eide
-Revisor-